




75. årgang - nr. 3. 2019. Tryggheim skular

Tryggheimhelsing

- jubileumsutgåve til alle husstandar i Hå



**Tryggheim 100 år
1919 - 2019**

Les mer på s. 4



Dramatisering av
Tryggheim si historie
s. 6



Gamling med "guts"
s. 9



Tryggheim barnehage
40 år
s. 11

Vi heiar på friskulane, på foreldras rett til å velje skule og på Tryggheim

Det er ingenting som er sant, mor! Dette fekk mor til 2.-klassingen høyre. Det hadde kome frå læraren i ein skule som meinte seg å vere livssynsnøytral. For foreldra vart det ein vekkjar. Det vart skulebytte. Var det rett?

Gjermund Viste // Rektor

Foreldrekallet

Det som læraren prøvde å lære 2.-klassingen var stikk i strid med det målet foreldra arbeidde mot. I lys av foreldrekallet og misjonsbefalinga låg det på foreldra å lære borna og skape ein tillit til Guds Ord. 5. Mos 6,6-7: «Desse orda som eg byd deg i dag, skal du gøyma i hjarta ditt. Og du skal prenta dei inn i borna dine. Du skal tala om dei når du sit i huset ditt, når du går på vegen, når du legg deg, og når du står opp.»

Kvifor bør vi ha kristne friskular i Noreg?

Tidlegare rektor Asbjørn Nordgård har sagt: «Friskoler er et nødvendig element i et levende demokrati. Da tenker jeg på alle slags livssynsskoler, ikke bare de kristne. Barna som vokser opp, er jo ikke statens eien-dom. Menneskerettighetserklæringen slår fast at det er foreldrene som har rett til å bestemme hva barna skal påvirkes av – helt til barna selv kan overta ansvaret. ... I dagens Norge er det veldig tydelig at kristne trenger alternativ til den offentlige grunnskolen.»

Ein glad og sprek 100-åring

Tryggheim skular markerer 100 år med kristen friskule på Jæren. Her spring 523 elevar på vidaregåande og 254 elevar på ungdomsskulen inn og ut av klasserom, kantine og internat. Her er mange elevar, og mykje å gle seg over. Nokre av elevane er tippoldebarn av Jette og Mandius Bjorland som gav ei 10 mål stor tomt til Tryggheim då dette byrja i 1919!

100 år, men ikkje likegyldig

Det byrja som Tryggheim ungdomsskule i 1919. Sven Foldøen var sentral både for å få dette til og i innsamlingsaksjonen som følgde.

Heilt sidan oppstarten i 1919 har Tryggheim funne velvilje hjå misjonsfolket. Tryggheim blei starta i tru til

at Gud hadde ein plan med denne skulen, og vi kan ikkje sjå at kallet er trekt attende eller planen fullført. Vårt kall er framleis å vere tydelege på vår kristne kulturarv. «Der alt er like gyldig, vert alt likegyldig!»

Jubileumsåret

Vi rundar 100 år med storfint besøk. Kongehuset måtte takke nei – også statsminister Solberg. Men vi har hatt besøk av utviklingsminister Dag Inge Ulstein, og til jubileumsfesten 19. oktober kjem bl.a. ordførar, fylkesordførar og landbruks- og matminister Olaug Bollestad. Då kjem også Ryfylke Livsgnist med forestillinga «Vi strekker oss lenger enn langt - med skråblikk på Tryggheim i minst 100 år».

«Dæ æ jabnå så dræge»

Midt oppi jubileumsplanane er det likevel flest kvardagar. Vi ønsker å drive fagleg god skule med elevens læringsutbytte i sentrum. For å få til det, planlegg vi også at eit nytt undervisningsbygg må stå ferdig før vi vert 110 år. Tryggheims kristne verdigrunnlag står sentralt i arbeidet, frå morgen til kveld. I haust har vi hatt møteserie med forkynnar Asbjørn Handeland. Han fekk også vere med på dagtid, bl.a. på morgonsamlinga med sitt vitnemål for 500 lydhøye elevar. I dette flotte skullearbeidet gjer også miljøteamet ein sjeldan innsats blant elevane, før, under og etter møta og på fritida.

“Lær den unge den vegen han skal gå! Så vik han ikkje frå han når han vert gammal”, Salomos Ordspråk 22,6. Her er store oppgåver! Takk for omsorg og forbøn!



Meningsfullt

Det er en stor glede å føye seg inn i rekken av gratulanter til jubilanten Tryggheim.

Bjarte Ydstebø //
Styreleder for Tryggheim skular

Tryggheimhelsing har vært fast inventar i heimen så langt tilbake jeg kan huske. Min far Tor Ydstebø var elev tidlig i 50-årene, videre var han sentral under omlegging til videregående skole i 1983, og endte opp som lærer for tømmerklassen de første to årene. Byggfaglærer Bjarte Gudmestad, som var elev da, har som regel en historie å dele fra den tiden hver gang jeg treffer ham - gode minner!

Hva Tryggheim har betydd disse 100 årene av læring, modning, varige vennskap, spirende tro og retningsvalg for mange, kan vi bare ane. Det er med stor takk til Gud som har velsignet skolen.

Jeg har vært med i styret for skolen i ni år nå, og kjenner hvor meningsfullt det er å få være med her. Høydepunktene i styrerommet er når vi får se inn i skolehverdagen, inn i de enkelte avdelingene, hva de lykkes med, hvor en får være til hjelp og 'strekke seg litt lenger,' men også hvor en strever og hva som bør forandres

på fremover. Tankene er mange etter disse møtene, det være seg et glimt om en ny på troens vei eller utfordringer hvor personalet får være medvandrere for elever.

Tryggheim får meg til å tenke på døperen Johannes, denne Jesu forløper som åpenbarer hva det vil si å tro på Jesus. I Johannes 1,29 står dette kjente verset der Johannes pekte og sa: «Se der Guds lam, som bærer verdens synd». Døperen Johannes kalles «han som peker», ikke hvor som helst, men på Jesus. For Tryggheim har dette stått sentralt i alle disse 100 årene. Motivasjonen for å bygge skolen vår, siktemålet, har hele tiden vært å peke på Jesus for ungdommen - til en spirende tro, fokus bort fra oss selv og over på ham, til frimodig liv sammen med Jesus. Jeg kan ikke tenke meg noe mer meningsfullt å være med på enn det som har vært hovedsaken på Tryggheim disse 100 årene.

Jeg vil særlig gratulere og takke alle dere ansatte som daglig går sammen med elevene og gir dem faglig påfyll, utruster dem til liv som gode samfunnsborgere,



deler levd liv i hverdagen, gode og mindre gode dager, men ikke minst det største vi kan få være med på: Å peke på Jesus - som står der med åpen favn og spør: Hva vil du jeg skal gjøre for deg?

Lykke til videre - elever, ansatte, venner og forbedere av Tryggheim. Vi står sammen om det mest verdifulle oppdraget som tenkes kan!

I høve Tryggheim si hundreårs-markering, vert informasjonsbladet Tryggheimhelsing delt ut til alle husstandar i Hå kommune. Tryggheim har etter kvart sett djupe røter i kommunen vår, både som arbeidsplass og ved at fleire generasjonar frå bygdene kring skulen har vore elevar opp gjennom tida. Me vonar du som les bladet for fyrste gong, får eit innblikk i skuledrifta og føremålet med skulen. Ta kontakt om du ynskjer å abonnera på bladet vidare.

Tryggheimhelsing

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Henrik Foss
Knut Handeland
Sofie Braut
Bjørg Topnes
Knut Reier Indrebø (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogedal

E-post Tryggheim skular:
post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.

Kontonr: 3000.23.29626

Layout og trykk:
Synkron Media AS



«Mot høgare mål»

Tryggheim 100 år, 1919 - 2019

Tekst: Anne-Berit G. Aanestad

Foto: Arkiv

Den aller første skoledagen

Mandag 13. oktober 1919 begynner 55 elever på «Kinamisjonens ungdomsskule i Rogaland». Skolen ligger på Nærøbø. Det vil si, det er ikke noe eget skolebygg ennå, men elevene skal få undervisningen i to rom på bedehuset, og de skal få måltidene sine i skolehuset. Bredablikk en liten gåtur unna. De elevene som kommer langveis fra, får bo i private hjem rundt om på Nærøbø.

I tillegg til skolestyrer Torstein Flottorp er det to lærere - Hanna Hovda, som egentlig skulle ha et «hvileår» fra misjonærtjenesten

sin, og Kristen Kristensen. På kjøkkenet er Marie Line kjøkkensjef – og hun har nok mer enn nok å gjøre med å lage alle måltidene til alle sammen, hver eneste skoledag! Bare et halvt år har det tatt fra de første ildsjelene la frem forslaget sitt for kretsstyret om å starte en kristelig ungdomsskole i Sør-Rogaland til skolen, som snart skal få navnet Tryggheim, er startet.

Tryggheim

I løpet av noen korte sommermåneder i 1920 blir det reist en stor skolebygning på tomtene som Jette og Mandius Bjorland har gitt til skolen. Med tre etasjer over og en etasje under bakken rommer det staselige bygget både skolestue, verksted, kjøkken,

matsal, internatrom og små lærerhybler og -leiligheter. Nye bygg og hus kommer til etter hvert, og fortsatt er det både klasserom, verksteder, kjøkken, matsal og internat på Tryggheim – og i tillegg noen nyvinninger som kantine og styrkerom.

Mot nye mål på samme grunnlag

I de hundre årene som har gått siden den første oktoberdagen i 1919 har mange tusen ungdommer vært elever ved Tryggheim. Først ved ungdomsskolen, eller folkehøyskolen som den ble hetende fra 1972 etter en påtvunget navneendring, og fra 1983 ved den videregående skolen. I 1979 åpnet Tryggheim barnehage og i 2005 ble det startet ungdomsskole igjen –



«Jeg husker helt fra de begynte å grave ut tomta... Og på åpningsfesten var alt enda så uferdig at vi balanserte på lause planker for å komme inn. Men ingen hadde store krav den gangen, så alle var så hjerteglade for at skolen var kommet i gang.»

Ingrid Bjorland, nabo og datter av Mandius Bjorland

«Jeg skal si jeg fikk samle erfaring på kort tid, og en del av den var ikke behagelig. Skolen startet jo bokstavelig talt på bar bakke.»


Torstein Flottorp,
skolens første rektor (1919-1920)



Praktisk jentekurs, 1924

«Eg vart forskrekka, for eg kunne ikkje tru at det var så flatt. Det var så flatt at det var ikkje fint. Eg er van med høge fjell, skog og sjø. Men etter kvart har eg oppdaga sjarmen ved denne naturen og».

Sigrun Julnes fra Aukra, elev 1965/66



nå som et litt annet skoleslag enn det første.

Nå ser vi fremover mot nye hundre år, og grunnlaget for skoledriften er som da det hele begynte: Å ta vare på ungdommer som allerede er kristne, forkynne Kristus for de som ikke er det, og vekke misjonsinteressen hos elevene.



GÅVER IN NATURA

Fridtjof Foldøy: 1 kasse tomater.
Unemnd: 4 kassar egg. Skavland
Idse: 50 kg agurk og 1 kasse kål.
Unemnd: 2 sekker gulrot. Bjarne
Fitje: Liljer og andre blomar i hobe-
tal. Alvin Årbakke: Mange potte-
plantar.

Vi takkar og helsar for verdfull
hjelp til å få overskott på drifta.
Overskottet går til nybygg. De er
gilde, rett og slett.

Fra Tryggheimhelsing nr. 4/1970

Skolekjøkken 1973/74



«Eg følte at Jesus sat ved sida av meg på møtet og gret over meg på same måte som han gret over Jerusalem. Alt hatet som eg tidlegare hadde hatt overfor kristne forsvann».

Tobias Gutmann, elev 1997-99



Elevene 2019. Foto: Tårn Helge Helgøy

Dramatisering av Tryggheim si historie

På femti minutt blei hundre års Tryggheim-historie synt fram for heile elevflokkene og barnehagen på dagtid, og deretter på jubileumssamlinga om kvelden 4. september. *Framsyninga Tryggheim i 100* er skriven av Sigurd Idland, som også er opphavsmann til ungdomsskulerevyane. På og bak scenen stod dyktige og hardtarbeidande elevar frå ungdomsskulen og vidaregåande. Dei har øvd seg gjennom ei heil helg i juni og lange økter på tre til sju timer no i haust.

Tekst: Bjørg Topnes
Foto: Tårn Helge Helgøy

Kva ynskte du å framheva gjennom stykket, Sigurd?

- Det er ei blanding av laust og fast, spøk og alvor, og med Tryggheim sin kristne grunnvoll som fundament, svarer Sigurd. Eg ynskte å få med litt frå ulike epokar, noko som ikkje var så kjent samt noko som var viktig for meg og for andre.

Inspirasjonen fann han gjennom idémyldring med jubileumskomiteen, årbøker, eigne minne og idéar frå andre.

- Alt måtte likevel gjennom filteret «kva klarer me å få til på scenen», slik at noko vart med og noko blei silt vekk. Kor mange timer eg har brukt på dette, har eg heldigvis ikkje tal på, seier han.

Framsyninga gav innblikk i historia frå gründaren Sven Foldøen si frimodige pengeinnsamling i 1919 til dagens russefeiring og misjonsprosjekt.

I ei salig blanding fekk me oppleva forelsking og hemmelege stemnemøte, livet utanfor utedoen Honolulu, brende osteskjever på internatet og



Kjersti Skjæveland og Sigurd Idland fekk gode ord for innsatsen med framsyninga av Anne Kristine Tengesdal.



Sven Foldøen (alias Ingrid Emilie Aanestad) forsøker å overtuda bonden (alias Synnøve Skårlund) om å gje 1000 kroner til bygging av Tryggheim.



Skodespelarar, scenearbeidrarar og kunstnarisk team tok nøgde imot applausen etter framsyninga.

jentebesøk på guteinternatet, samt tyskartida under krigen, stadige namneendringar, byggeprosjekt og morgonandakten. Alt fint fletta saman av gjennomgangsfiguren Tryggheim Askeladd og generasjonane av elevar i kjølvatnet av ein av dei første som gav eit stort pengebølp til reisinga av skulen.

Gjennom skjemt og alvor såg me drastiske endringar i skulekvarden frå kjønnsdelte gymnastikktimar på 1930-talet til dagens elevar med hovudet på pulten og læraren sitt håplause forsøk på å ta i bruk mobilhotell i klasserommet.

Kostymeansvarleg Kjersti Skjæveland hadde ein stor jobb med å kle opp alle skodespelarane, og brukte både gamle skulebilete, eigen fagkunnskap og internett for å finna fram til passande kvardagsklede i dei ulike epokane. Mange av plagga fann ho i eigne skuffer og skap, men dei trøng naturleg nok ein del justeringar som Kjersti sjølv stod for.

- Den største utfordringa var å utstyra dei som skulle spela tyske soldatar. Takk til heimane som lånte oss militæreffektar!

Utover dette var sko ei utfordring.

Ungdommen sjølv har mange par sko, men nesten berre joggesko.

Eg samla saman det eg hadde og lånte noko. Den korte tida mellom scenene skapte behov for å ha fleire kostyme over kvarandre, som me så kunne skrella av.

Kva tenker du kostyma har å seia for framsyninga, Kjersti?

- Innhold og framføring er alltid det viktigaste, og ein kan aldri redda ei framsyning med gode kostyme. Derimot meiner eg at ei god framsyning kan opplevast endå betre med rette og gode kostyme. Me tek inn med alle sansane!

- Denne gongen kunne me ikkje boltra oss i kulissar, men måtte velja enkle variantar. Då snakka me med dei som styrte lyset, slik at lyset kunne byggja opp under scenebiletet. Det er ikkje sikkert nokon tenkte over det, men både lysstyrke og farge skifta mellom omrent kvar scene, fortel Kjersti, som saman med Sigurd har brukt mangfoldige timer på å gjera manus og skodespelarar sceneklare slik at me andre kunne gle oss over ei imponerande framsyning.



Tryggheim Askeladd og brørne Per og Pål viste veg gjennom 100 års historie.

Jubileumsfest!

Laurdag 19.oktober kl.17.00

Dørene opnar
kl.17:00 med kaffi,
jubileumskake
og opne rom med
gode historiske
tilbakeblikk.

Programmet
startar kl.18:00.

- Generalsekretær Øyvind Åslund held festtale.
- Musikalske innslag av mellom andre Anne Birgitte Lillebø Bø, Dagfinn Egeland og Glenn Vorhaug.
- «Då me styrte Tryggheim» - ein sofaamtale med kjente Tryggheim-ansikt.
- Helsingar til ein sprek 100-åring.
- Servering av god varm mat.

R Y F Y L K E
L I V S G N I S T
framfører førestillinga

Vi strekker oss lenger enn langt
- Skråblikk på Tryggheim i (minst) 100 år



Foto: Asta Nordha, Ingrid Eggert Sparsæg og Tor Øverdal Hæstad



Jubileumsbok

TRYGGHEIM
100 ÅR
1919–2019

VGS.TRYGGHEIM.NO

Velkommen til oss!

Hilsen til 100-årsjubilanten Tryggheim



Tryggheim er på mange måter flaggskipet i NLMs skoleflåte. En stor og veldrevet skole som vi er stolte av. Det er en hundreåring som har tilpasset seg, overlevd og vokst under vekslende tider og kår. I dag er det en vital hundreåring som på mange områder er i forkant av utviklingen i norsk skole. Vi er takknemlige når vi tenker på alle ungdommene som har blitt utdannet og dannet på Tryggheim. Særlig takker vi for alle som fikk ta imot Jesus som frelser. Det er verdier som vanskelig kan måles. Takk til alle ansatte og frivillige som gjennom sitt arbeid, dugnad, gaver og forbønn har gjort, og fortsatt gjør en stor innsats! Gratulerer!

Øyvind Åsland, Generalsekretær i NLM



Gratulerer så mye med 100-års-jubileum, Tryggheim! Å kunne få være elev ved Tryggheim vidaregåande skule, en skole med så mye erfaring og visdom, er en gave. Troen vi kan dele, tryggheten og godheten vi elever blir møtt med, er fantastisk. Skoledagene er innholdsrike, verdifulle og kjekke. Tryggheim er en skole vi kan være stolte over. Hilsner med Salme 118,24.

Frida Y. Gramstad, elevrådsleder



Gratulerer til ein 100-åring som blir stadig sterkare og sprekare med åra. For Hå er det viktig å ha ein god vidaregåande skule i kommunen. Samfunnet krev utdanning, og Tryggheim legg til rette for god utdanning i ulike retningar for tilreisande ungdommar, men ikkje minst for kommunen sine eigne ungdommar. Så veit vi at Tryggheim med sin kristne ståstad i tillegg til den faglege utdanninga ønskjer å gje ungdommene ei plattform for livet. Det er viktig å ha ei trygg plattform i omskiftelege tider. Må Gud signa det viktige arbeidet som vert gjort ved Tryggheim skular.

Beste helsing Jonas Skrettingland,
ordførar i Hå kommune



Vi ønsker å gratulere Tryggheim som hundreåring! Det er mye historie og tradisjon i veggene hos en hundreåring. Da er det både inspirerende og imponerende å se hvordan skolen jobber med entreprenørskap i undervisningen slik at elevene får erfaring med å tenke nytt og skape verdier for andre. Det gir gode skolehverdager samtidig som dere bygger viktig kompetanse for framtiden. Vi setter stor pris på samarbeidet og gleder oss til å følge Tryggheim også i framtiden. Gratulerer!

Maria Aasbø, daglig leder i Ungt Entreprenørskap Rogaland



Gratulerer så mykje med dagen til ein ung, vital og aktuell 100-åring! Tusen takk for alt de betyr for ungdomane

våre. Visdomen og Jesus-fokuset de fyller kvardagane med, viser veg for mange, til tru, von og kjærleik.

Helsing Jarle Ravndal, far til Tryggheimelevar



Når jeg fikk spørsmål på ungdomsskolen om hvilken videregående skole jeg skulle gå på, svarte jeg Tryggheim med et smil. Jeg ville gå på en skole hvor lærerne ikke bare skulle sette karakter på meg, men også se meg. Jeg gledet meg til det trygge miljøet, og til å omgås kristne med samme tro som jeg selv har. En skole som virkelig heier på mennesker uansett hvilken bakgrunn de har. En skole der både lærere og medelever er flinke til å gi ungdommer trygghet i en fase av livet hvor usikkerhet og spørsmål knyttet til identitet er sentrale. Jeg går nå mitt tredje og siste år, og skolen har virkelig satt spor i mitt liv. Takk til Tryggheim, og gratulerer med de 100 år!

Emma Victoria Pedersen, russepresident

Når eit litt smågrettent skydekke og manglande kaliber på konfettikanonen er det einaste som slår feil, då er det veldig, veldig mykje som klaffar.

Gamling med «guts»

Tekst: Sofie Braut

Tryggheim tok definitivt feiringa til nye høgder då hundreåringen tidleg i september smelte til med statsråd-besøk, sjølv gjort revy og stjernekamp-esset Lisa Børud. Alt i rammene av den klassiske barnebursdagen som draperte den evigunge hundreåringen i svært kledelege lag med barnleg fest og kalas. Eit herleg avbrekk midt på dagen for alle; her vart pc og peikestokk lagt vekk og matematisk-naturvitenskaplege problemstillingar stedt til midlertidig kvile, for her skulle ein slå dørene opp til skulen storstove og gi rom for fest og feiring for alle som er her til dagleg.

Om kaka var 14 eller 16 meter skal vera usagt, ho var uansett lang nok til 900 kakeglade gjester, som inkluderte barnehagen, ungdomsskulen og vidaregåande. Pølsebøane var perfeksjonerte og flamingo-snacksen flomma, så om nokon måtte mingla på tom mage, må dei ha vore råka av komplett og akutt apati. Det kan uansett ikkje ha vore mange, for energien låg tjukk over heile arrangementet. Ei lydhøyr forsamling tok imot helsinga frå regjeringsutsending Dag Inge Ulstein, som på kort tid hadde endra agendaen sin for å kasta glans over festen. «En håpsbringende institusjon» kalla han Tryggheim, og løfta blant anna opp arbeidet elevane gjer med å samla inn millionar til bistand og misjon. Også ordførar i Hå, Jonas



Lisa Børud med bursdagsfesten i si hule hand. Foto: Ingrid Tveita

Skrettingland, la vegen innom for å feira med oss; Tryggheim speler ei viktig rolle i lokalsamfunnet vi er ein del av. Og naturlegvis har ein opparbeidd seg mykje historie gjennom dei mange åra, her er vel skulen som gamlingar flest: ein likar å snakka om farne tider. Med Sigurd Idlands utrøyttelege arbeid for å sy saman ein revy som romma glimt frå den mangslungne minneboka fekk vi eit overblikk over dei mange epokane som har lagt grunnlaget for vår eigen. Dei tallause øvingstimane som låg i prosjektet vart her veksla inn i ei framsyning som fanga inn det store biletet av ein skule i stadig rørsle.

Energinivået steig endå nokre knepp mot slutten då Lisa Børud sørga for kaskadar av nostalgitiske godbitar og tindrande tale om trua på Jesus. Den skyhøge allsangfaktoren sørga for at taket over møtesalen letta littigrann på seg, det vart nokså sikkert observert. Såpass bør det også vera når livet er godt og dagen er



Utviklingsminister Dag Inge Ulstein.
Foto: Tårn Helge Helgøy

trillrund. Lite visste grunnleggjar Sven Foldøen og co at det dei sette i gong også etter hundre år skulle ha ungdommelege roser i kinna og framleis vera i livsens vår. Om han kanskje hadde valt ei litt anna type feiring, Foldøen, så ville han truleg vore heilt einig med oss som no held i stafettpinnen: dette er verd å feira.

- Ein god skulegang varer livet ut

Tekst: Bjørg Topnes

Foto: Tårn Helge Helgøy

Framtid og fortid var tema for jubileumssamlinga 4. september. Filip Rygg, som er dagleg leiar i den kristne tankesmia Skaperkraft, lufta framtidstankar saman med vår eigen Vegard Ask. Begge lyfte fram den kristne friskulen sitt sær preg og oppfordra til å halda friskuletenkinga levande både lokalt og nasjonalt. Sofie Braut leia sofaamtalen og spurde dei to om satsinga vidare.

- Kristne friskular kan bli meir synlege, og må stadig byggja omdømme i samfunnet og overfor politikarar. Det trengst ambassadørar for den gode saka, svarte Filip Rygg og heldt fram:
- Ein god skulegang varer livet ut
- det er ei investering. Eg drøymer om fleire kristne samfunnsbyggjarar som lovpriser Gud gjennom arbeidet sitt mandag til fredag og ikkje berre i gudstenesta på söndag.

Vegard trekte fram elevane som den viktigaste enkeltfaktoren for skulen sitt rykte.

- Har elevane det godt hjå oss, er det eit godt vitnesbyrd for skulen også i stormfulle tider, understreka han.

I den andre sofaamtalen reflekterte dei tidlegare elevane Sverre Hovda, Kjartan Håland og Gunhild Tyra Apeland over tida på Tryggheim i lag med samtalsjef Bjarte Gudmestad. Om dei kanskje hadde vore både stille, umogne og bøllete som elevar, fekk Tryggheim-åra betydning langt ut over seg sjølv.

- Tryggheim har vore storparten av livet mitt – kor skulle eg elles ha vore? spurde Gunhild som har vore tilsett meir eller mindre samanhengande sidan ho var elev først på 70-talet. Eg hugsar særleg dei kristne møta då ungdom gav seg over til Gud, sa ho.

- For meg var det viktig at eg blei sett og inkludert og fekk ein god overgang frå ungdomsskulen, meinte Kjartan. Dessutan gav Tryggheim kurs og retning slik at eg fekk byggja livet mitt på Jesus. Som tilsett får eg gå eit stykke i lag med flott ungdom og gje dei ein himmel over livet.



Ein god skulegang varer livet ut, meinte Filip Rygg frå tankesmia Skaperkraft.

Sverre fortalte om ei skuletid som gav han kjenningar over alt og vennskap som varer. Han fekk også eit personleg møte med Jesus som gav han hug til å dela evangeliet med andre.

Tryggheim har heilt klart sett spor i ungdommane gjennom dei 100 åra, meiner dei tre. At ungdom blir sett, får vera i eit godt miljø og møta høg fagleg kvalitet i undervisninga, har forma verdiar og haldningar som dei har teke med seg ut i arbeid, samfunn og forsamling. Den kristne berebjelken som har bore Tryggheim i 100 år, skal bera også inn i framtida, avslutta Kjartan.



Sofie Braut, Vegard Ask og Filip Rygg i sofaamtale om framtida til 100-åringen.



Bjarte Gudmestad, Kjartan Håland, Sverre Hovda og Gunhild Tyra Apeland såg tilbake på si elevtid på Tryggheim.



Foto: Arkiv

Jubileum i jubileet: Tryggheim barnehage 40 år

Tekst: Sofie Braut

Midt i jubileumsåret er det også ein viktig rund dag rett borte i svingen, der feirar nemleg Tryggheim barnehage 40 år dette året. Barnehagen var med på den store bursdagsfesten den 4. september. Dei hadde eigen «VIP-lounge» i nybygget i kantina, dei fekk bursdagsgåve i form av ein bensinstasjon som skal lagast av byggelevane på Tryggheim vgs. I tillegg fekk dei vera med på scenen og synga saman med Lisa Børud framfor eit hav med gira ungdomskule- og vidaregåandeelevar i møtesalen. Barnehagen er nok ein rekrutteringsplass for framtidige elevar på ungdomsskule og vidaregåande skule, og dei gleder mange med sine jamlege utflukter på skuleområdet der dei yngste får kikka litt inn i den moglege skuleframtida rett i nærmiljøet. Og no er også barnehagen snart middelaldrande altså. Og likevel evigung og nysgjerrig som aldri før.



Barnehagebarna fekk synge med Lisa Børud. Foto: Ingrid Tveita

Barnehagen fekk overrakt eit løfte om ein ny bensinstasjon i bursdagsgåve.
Foto: Tårn Helge Helgøy



Foto: Martin Egil Fuglestad

Skuleleiар på trass

Leiaren for Tryggheim ungdomsskule gjennom snart 15 år ville eigentleg ikkje ha nokon kristen ungdomsskule på Nærбø. Men foreldre, elevar - og Gud - ville det annleis.

Tekst: Knut Reier Indrebø

Mørkret hadde allereie byrja å siga på og gatelyktene var tende då telefonen ringte og så mykje skulle bli forandra for Tron-Arild Grødem. Det var slutten på november 2004, Tron Arild var trinnleiar på mellomtrinnet på Varhaug skule og treivst godt med det.
- Kan du tenkja deg å bli leiar for den nye ungdomsskulen på Tryggheim? var spørsmåletåverande rektor Ketil Jensen stilte, eit litt overraskande spørsmål sett i lys av at Tron-Arild tidlegare hadde flagga tydeleg motstand mot ein kristen grunnskule på Nærбø. Det ville bli delte veneflokkar og ei

splitta bygd, meinte han.

Vekte stor interesse

Sidan den dagen i 2004 har Tron-Arild Grødem hatt ei sentral rolle i bygging og utvikling av Tryggheim ungdomsskule.

- Eg takka ja til oppgåva av to grunnar. Eg vart utfordra av Ketil og det skapte eit ynskje om at dette skulle me få til. Noko anna var at ein god kamerat sende eit vers frå Bibelen der det stod at som dagen din er skal styrken din vera. Dette gjorde at eg sa ja til utfordringa. Allereie hausten 2005 starta første kullet med tretten elevar, med

Tron-Arild saman med to lærarar. Då hadde allereie skulen fått auka godkjenning til 180 elevar, og frykta for at skulen skulle splitta venneflokkar var vekke.

- Dersom nær sagt alle som ville kunne koma inn, vart faren langt mindre for at venneflokkane ville bli splitta i to, meinte Tron-Arild. Skulen fekk stor merksemd, med fleire artiklar både i Jærbladet og Stavanger Aftenblad. Interessa var stor for korleis det gjekk med den nye kristen-skulen midt på bedehus-Jæren.

Oppsiktsvekkande var det også

16 Tønsberg Aftenblad - Onsdag 1. mars 2006

Jæren Østlandet

HJEMMEL

ÅPEN HJEMMEL: Et utvalg av aviser fra området omkring Oslo og i Østlandet. Se også oversikten over aviser på s. 14.

Fjord Glimmer

NORDFJORD: Et utvalg av aviser fra Nordfjord. Se også oversikten over aviser på s. 14. Denne uka kommer det ikke med aviser fra Sogn og Fjordane. Det er derfor ikke med i denne oversikten.

Skriftselskapet i Tømre

ØSTFOLD: Et utvalg av aviser fra Østfold. Se også oversikten over aviser på s. 14. Denne uka kommer det ikke med aviser fra Telemark. Det er derfor ikke med i denne oversikten.

My Sand og vindmøller

KRISTIANSAND: Et utvalg av aviser fra Kristiansand. Se også oversikten over aviser på s. 14. Denne uka kommer det ikke med aviser fra Arendal. Det er derfor ikke med i denne oversikten.

Det er ikke med i denne oversikten.

Bygg 50 SALG

Torsdag - Fredag - Lerdag

PARKETT DØRER VINDUER

Steier - 30 års garanti

MEIS BAKERIETS BESTE KJØKKEFISK TILBUD

STEIER (pris)	• 329
MEIS PARKETT (pris)	• 329
STEIER (pris)	• 329
STEIER (pris)	• 309

Parketsalg

Steier parket, en av Norges ledende parketselskaper

DE STRAMMESTE	• 479	DE STØRRE KOMFORT	• 473
STEIER (pris)	• 296	STEIER (pris)	• 296

Merkt: inkludert levering og montering pr. linje

100x150 cm	100x150 cm	100x150 cm
100x180 cm	100x180 cm	100x180 cm
100x210 cm	100x210 cm	100x210 cm
100x240 cm	100x240 cm	100x240 cm
100x270 cm	100x270 cm	100x270 cm

EYGERSEN
Bygg 50
Stavanger

Salg av parkett, dører, vinduer, skap og
interiør. Kom til oss for et gratis
oppdrag. Tel. 33 66 00 00

EYGERSEN
Bygg 50
Sandnes

Salg av parkett, dører, vinduer, skap og
interiør. Kom til oss for et gratis
oppdrag. Tel. 33 66 00 00

www.Bygg50.no

Apart. Annonsegrunn 3 • Tønsberg 3-14 Lunde 10-14

Oppslag: 1. mars 2006

Oppslag: 1. mars 200

Faksimile frå Stavanger Aftenblad – Alternativ ungdomsskule.

at Tryggheim ungdomsskule fekk til å samarbeida tett med Nærø ungdomsskule, der det var vel kjend at rektoren var sterkt friskule-motstandar. Skulane samarbeidde om undervisning i framandspråk, og Tryggheim fekk dessutan låna skulebøker frå den kommunale skulen det første året.

Veksesmerter og ventelister

Hausten 2007, to år etter at skulen starta, tassa over 90 elevar inn i nytt ungdomsskulebygg vest for det "gamle" Tryggheim. Ryktene gjekk over Jæren om stor trivsel og godt miljø. Søknadane heldt fram med å koma inn, og det gjekk ikkje lenge før behovet for utviding kom opp att. Allereie etter tre års skuledrift var det ventelister og elevar som fekk nei.



Faksimile fra Stavanger Aftenblad – Klar for utviding

Jærbladet

Nr. 98 - K4L, utgång - ONSDAG 22. AUGUST 2012 - ISSN 0800-20...

Kjøp forsikringene dine hos oss
TAKK FOR SPARENDE

jbl.no

Grensa er nådd
Ny Brynne trenar?
12 etasjar i Klepp?

SIDE 6
SIDE 16
SIDE 8

Tryggheim lokkar flest

FAMILIEN FØRSTE: Familien Læge holder med for årets 10. Tryggheim ungdomsskole. Leon (nr 1 til høyre) går i 10., medan Andrea (nr 2 til høyre) starta i 8. klasse denne uka. Ministeren kom også (tredje fra venstre) sammen med Søren (midten). I bakgrunnen ses kona, Rose og Ub-Bert. (Foto: Leif Tore Sandberg)

Tryggheim ungdomsskule har for første gong flere elever i et årskull enn Nærø. 80 elever starta ved den kristne privatskulen i 8. klasse denne uka, mot 60 ved

Nærø ungdomsskule. Det offentlege alternativet går no ned frå fire til tre parallelle på 8. trinn.

Faksimile fra Jørbladet - Tryggheim lokkar flest.

- Me har nok hatt god hjelp av å vera ein del av Tryggheim, og me har hausta frukter av å kunna brukha Tryggheim-namnet, trur Tron-Arild. Aftenbladet skreiv om ventelistene i september same året:
"Samstundes med at nybygget har vorte teke i bruk, har skulen 200 langtidssøkjarar på listene sine for ára framover.

– Me har søkjarar til 2020, så dei må jo vera fødde i år, seier Grødem.”

I same intervju seier han at han er oppteken av at Tryggheim "ikkje vil verta ein skule for spesielt interesserte. Me vil vera for alle, og alle skal få sjanse til å koma inn. Me ønskjer elevar med ulik bakgrunn og ulike interesser. Det har me no."

Utan plan, med tiltru til Gud

Tron-Arild tykte det var vanskeleg å seia nei til elevar som hadde lyst å gå på Tryggheim. For kvart år vart det større og større behov for å låna klasserom og plass i

vidaregåande sine lokale, for å laga plass til flest mogleg ungdomsskuleelevar.

Etterkvar vart det sendt søknad om godkjenning for 270 elevar og ein starta planlegging av utbygging med 2000 nye kvadratmeter. Nybygget var klart hausten 2016. I dag er det 254 elevar på ungdomsskulen.

- No er me der me skal vera. Alle som vil får plass, samstundes som me får utnytta kapasiteten godt.

- Var dette planen heile vegen?

- Me har vel eigentleg ikkje
hatt nokon plan om kor stor
skulen skulle bli, men har
teke det steg for steg.

- Korleis kan det då ha seg at
det har lukkast slik som dette?

- Det er fleire grunnar til det.

Ein ting er Tryggheim sitt gode rykte som ein god skule. I tillegg har me alltid fått tak i gode folk til å fylla dei stillingane me har hatt behov



Faksimile fra lærhlaget – Babvar på søknadslista

for. Men mest av alt trur eg at det er ein som er større enn oss som har halde handa si over det heile, avsluttar Tron-Arild Grødem.

Faksimile fra Stavanger Aftenblad – Nyfødde i Tryggheim-kø.

Tryggheimkalender

OKTOBER

Lør. 19. Jubileumsfest!

Fre. 25. Operasjon misjonsprosjekt

NOVEMBER

Lør. 9. Temadag for elever og foreldre, russebasar
Ons. 27. Åpen dag

DESEMBER

Tors. 19. Julefest

Fr. 20. Siste skoledag før jul (halv dag)



Det som tel

Tekst: Tron-Arild Grødum

I august 2005 var me tre lærarar som tok i mot 13 elevar nede i Skogheim. Då dei gjekk ut av 10. trinn tre år etter, hadde skulen auka til 93 elevar. Me hadde då vakse ut av Skogheim, ut av Austheim og inn i ein ny flott skulebygning. *Tron-Arild Grødum Personale* hadde auka frå tre til elleve. I 2019 er me 253 elevar og 44 tilsette! Byggjetrinn to vart fullført i 2016, og me kunne då flytta inn i ein større og om mogleg endå flottare skulebygning. Det har skjedd mykje i desse åra. Auke i elevtal, auke i personalet og auke i areal. Desse «faktorane» er gledelege, men ikkje dei viktigaste.



Det som tel og som gjev ein energi, det som gjer at det er meiningsfullt å arbeida på Tryggheim, er målet for skulen. Visjonen som seier:

*Tryggheim ungdomsskule
– ein skule for LIVET
Omsorg – trivsel - kvalitet.*

Visjonen seier kva me som arbeider her ynskjer å vera med på. Me ynskjer å få vera med på å gje elevane ei retning for livet. Dette gjeld både for livet her og no, men også for det evige livet. Kvar elev og kvar tilsett er Guds skapning. Dette inneber at kvar einskild er medmenneske skapt av Gud og skal behandlast som Guds skapning. Elevane er med andre ord personalet sin neste og deira medmenneske. Dette er svært viktig, og me som arbeider her vonar at elevar, foreldre og andre som er i kontakt med skulen opplever å bli møtt med omsorg og forståing.

Me har fått eit oppdrag, og oppdraget er ikkje trekt tilbake. Me vil vera med å peika på han som har all makt i himmel og på jord. Vårt ynskje er at skulekulturen som omfattar både vanlege timar, andaktar, samlingar og turar med meir skal gje elevane eit grunnlag for tru og vera ei rettesnor i liva deira.

Optimismen rår og me gler oss over at mange vil vera elevar hjå oss. Me vil takka kvar einskild som har hugsa på oss i desse åra. Arbeidet gjer seg ikkje sjølv, og me er takksame for forbøn for elevar og for personalet.

Vissste du at..?

Frida Bekkelund (ST 10-12) og Henrik Fevang giftet seg 3. november.

Magnhild Rugland (ST 09-12) og Dag-Erik Tvedt giftet seg 11. mai.

Brita Gudmestad (ST 13-14) og **Håvard André Bø** (BY/EL 10-13) giftet seg 18. mai.

Allis Grønås Stenersen (HO 12-14) og Aleksander Henriksen giftet seg 1. juni.

Maurits Endresen (BY 05-07) og Ingvild Stokka giftet seg 1. juni

Johanna Gudmestad (HS/PB 10-13) og Joachim Persson giftet seg 1. juni.

Arvid Hetland (BY 98-00) og Sølvi Johansen giftet seg 22. juni.

Marie Hansen (ST 14-17) og **Tobias Lindland** (ST 13-16) giftet seg 22. juni

Vilde Eintveit (HS/PB 10-13) og Tore Levik giftet seg 22. juni.

Anette Mesel (Miljøterapeut 18-) og **Johannes Bøe** (BA 07-09) giftet seg 29. juni.

Gunn Honnemyr (HO/PB 11-14) og Morten Habbestad giftet seg 29. juni.

Tonje Gerhardsen (HO/PB 13-16) og **Olaus Trygve Bjuland** (ST 13-16) giftet seg 29. juni.

Håkon Kavli (BY/PB 11-14) og Elisabeth Baustad giftet seg 29. juni

Arne Christian Valland (BY 13-15) og Helena Wallgren giftet seg 6. juli

Hege Thu Lode (ST 13-16) og Georg Skuggedal giftet seg 6. juli.

Victoria Figved (ST 16-19) og Thomas T. Ueland giftet seg 13. juli.


Gjermund Øygarden (BY 12-14) og Birgitte Malde giftet seg 2. august.

Anne Solveig Kittang (HS/PB 08-11) og Raymond Madsen giftet seg 3. august.

Hanna Gudmestad (ST 15-16) og **Even Ydstebø** (BY/PB 11-14) giftet seg 7. september.

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærø




Århundrets jubileumsbok!

**Har du gått på Tryggheim? Har noen i familien gått der - eller arbeidet der?
Er du interessert i lokalhistorie? Eller i skolehistorie?**

I jubileumsboken «Mot høyare mål» kan du lese den fascinerende historien om hvordan en liten gruppe entusiaster i løpet av et halvt år fikk satt i gang en skole som snart skulle bli et landemerke på Jæren. Her er det fortellinger fra skoleverdagen helt tilbake til 1920-tallet og frem til i dag. «Tryggheim under krigen» gir et interessant stykke krigshistorie, «På tur med Tryggheim» gir et morsomt innblikk i forskjellige reiseopplevelser sett fra elevenes side og «Kunst på Tryggheim» forteller historien bak noen av de flotte kunstverkene som pryder skolebygningene. Alle russepresidentene fra det første russekullet i 1986 og frem til 2019 trekker frem minner fra Tryggheim, noen av dem som vokste opp på Tryggheim som barn av personale forteller om en annerledes barndom, og vi får vite litt om hvordan det har gått med noen av elevene fra forskjellige linjer og studieretninger. Her er det massevis av bilder fra alle tidsepoker, og sitater og små klipp fra Tryggheimhelsing gir oss et unikt innblikk i elevers og ansattes hverdag gjennom hundre år.

Kjøp en bok for kr. 349,- eller to for 649,-. Du kan også få en bok helt gratis, hvis du samtidig tegner deg som fast giver.



*Bevar ditt hjerte
fremfor alt du bevarer,
for livet går ut fra det*
(Ordspråkene 4, 23)

